

Finansdepartementet
postmottak@fin.dep.no

Vår referanse: 022-416 OG

Hovdebygda, 16. mars 2010

HØYRINGSFRÅSEGN OM UTVIDA MVA-PLIKT

Nynorsk kultursentrum fekk 15.3.2010 brev frå Kulturdepartementet, datert 12.3.2010, med informasjon om høyring om utvida mva-plikt på kultur- og idrettsområdet. Høyringsfristen er 16.3.2010. Med så kort frist har det vore uråd for oss å vurdere framlegget så grundig vi elles ville ha gjort.

Vi er samde i framlegget om at det blir innført mva-plikt for inngangsbillett til museum. Vi meiner det også bør innførast mva-plikt for arrangement og utleige av lokale.

Departementet ønskjer eit regelverk som er enklare, meir føreseieleg og robust enn dagens mva-regime, og som gir mindre rom for ”uheldige og uønskede tilpasningar” (s. 39). Diverre er høyringsdokumentet så generelt forma og analysane haldne på eit så overordna nivå at skilnadene kulturinstitusjonar mellom kjem dårleg fram. Norges Museumsforbund har i si høyringsfråsegn framheva nokre slike skilnader berre på museumsfeltet. Driftsprofilen skil seg mykje frå museum til museum. Vi trur desse skilnadene vil auke når dei konsoliderte museumseiningane etter kvart utviklar drifta si.

Vår institusjon er eit døme på dette. Vi driv kafé, butikk, utleige, arkiv, bibliotek og museum, festival og gjennomfører svært mange konsertar, foredrag m.m. Arrangement kan, som hos oss, vere ein integrert del av det samla dokumentasjons- og formidlingsarbeidet. Då blir det for snevert å gjere inngangsbillett til utstillingane til det eine viktige. Med framlegget frå departementet vil arrangement framleis vere unnatekne mva. I driftsbudsjettet vårt for 2010 utgjer billettinntektene for utstillingar berre 1 % av samla inntekter. Inntektene frå arrangement var mykje større; same var kostnadene.

Høyringsdokumentet tek ikkje høgd for slike variasjonar, og vurderer heller ikkje det faktum at dei same styresmaktene som no vil endre mva-regimet, også føreset at museum og andre kulturinstitusjonar skal arbeide målretta innanfor Den kulturelle skulesekken. Der dreiar det meste seg om turnear med store utgifter til reise, overnatting og mat. Vi forstår det slik at denne typen verksemd ikkje fell innanfor mva-plikta. Den overordna konsekvensen kan då bli at avgiftsregimet motverkar, ikkje stimulerer den typen endringar i formidling og museumsarbeid som Stortinget har føreset, seinast i drøftinga av museumsmeldinga våren 2010.

Svært mange museum har anten opna eller arbeider med å byggje nye bygningar. Der er utleige gjerne ein nødvendig del av forrentingsideen og finansieringsgrunnlaget. Høyringsdokumentet drøftar utleige berre på idrettsområdet, ikkje på kulturområdet. Dagens mva-regime inneber, slik vi har praktisert det i samråd med revisor, at mva kjem i tillegg på lokalutleige når servering er ein vesentleg del av den samla tenesta.

Framlegget til endringar gir mva-plikt for omvisingstenester (s. 42). Hos oss er omvising inkludert i inngangsbilletten til utstillingane. Ved utleigearrangement tilbyd vi ulike former for omvising, og på reiselivsmarknaden arbeider vi som andre museum med å utvikle pakketilbod. Det Finansdepartementet føreslår på dette punktet, er for oss det motsette av forenkling: Ei og same teneste kjem inn under to ulike mva-satsar, alt etter samanhengen. Tilpassingar må til, anten dei er nødvendige eller uønskte.

For ein kulturinstitusjon med eit breitt tilbod av tenester gir framlegget om utvida mva-plikt noko som kan sjå ut til å vere ein nokså minimal fordel når det gjeld dei delane av museumsverksemda som kan knytast til utstillingar. Samstundes må vi gjere like mange – om ikkje fleire – vurderingar og tilpassingar i andre delar av verksemda. Her tek vi det atterhaldet at vi med den urimeleg korte fristen ikkje har kunna rådføre oss med revisor eller rekneskapsfører for å få fram pålitelege reknestykke. Det er alt anna enn enkelt å rekne ut den faktiske verknaden av utvida mva-plikt på grunnlag av høyringsdokumentet. Vi blir dermed skadelidande i ei sak der Finansdepartementet avvik frå dei vanlege høyringsfristane og jamvel let vere å utvide høyringsfristen for dei institusjonane departementet mista på adresselista i første forsøket.

Norges Museumsforbund sår i si høyringsfråsegn tvil om utrekninga av provenyeffekten av framlegga til endringar. Det spørsmålet er så viktig både finans- og kulturpolitisk at vi vonar Finansdepartementet går ein runde til om dette. Same kva avgjerda blir, må regelverket gjerast eintydig i spørsmålet om kvar avdeling av eit museum innanfor ei konsolidert eining (juridisk person) skal vurderast for seg eller ikkje, jf. merknad frå Norges Museumsforbund.

Kor robust og føreseieleg framlegget er, kan ikkje vi vurdere. At det blir enklare, er vi i beste fall i sterk tvil om. Sikkert er det at ein institusjon som vil følgje mva-regelverket utan å gjere uheldige tilpassingar, etter dette må rekne med å bruke minst like mykje tid som før på mva-vurdering hos rekneskapsfører og revisor.

Ut frå dei måla Finansdepartementet sjølv har sett opp for endringane, meiner vi difor at mva-plikta burde utvidast vesentleg meir enn det framlegget tek til orde for, og at løysingane i alle høve må bli meir praktiske enn dei no ser ut til å bli. Vi har prøvt å peike på nokre av grunnane til dette og viser elles særleg til høyringsfråsegnene frå HSH og Norges Museumsforbund.

Med venleg helsing

Nynorsk kultursentrum

Ottar Grepstad (s)

direktør

direkte innval: 70 04 75 75, ottar.grepstad@aaentunet.no

KOPI

Kulturdepartementet

Norges Museumsforbund

HSH